

Er du fersk hundeførar på blodsporprøve?

Tekst: Elin Anita Gjerde og Inger Handegård

Det er alltid spennande å dømme og starte på sporprøve. Ekstra spennande er det å vera dommar å sjå nye førarar med nye hundar. Førarane til desse hundane er sjølvsagt ekstra spente og nervøse. Andre førarar/hundar har lang konkurranseerfaring og har reist lange vegar i håp om å gjera det bra på prøven. Uansett kor liten eller stor erfaring både førar og hund har, så er det alltid spenning før start, for på blodsporprøve er ingen spor like og ein veit ikkje kva som har kryssa sporet frå det vert lagt til det skal gåast. Her er nokre tips til deg som er ny som prøvedeltakar.

Sporstarten

Pust med magen! Ta deg tid til å setje på selen slik du gjer det på trening og til å kaste ut lina slik at den er fri for knutar. For å få til dette må du først lære deg å leggja lina saman på ein måte slik at den er knutefri. Kva rutinar du elles brukar før start er opp til deg. Dei fyrste metrane av sporet i open klasse er merka. Bruk denne merkinga til å kunne hjelpe hunden til å velje rett spor/ta sporet i rett retning. Du veit ikkje om det har vore dyr som har kryssa sporstarten etter at blodsporet vart lagt. Det kan vera vanskeleg for hunden å finne blodsporet dersom det er fleire spor å velje mellom. Det er ofte sporstarten som skil ein erfaren førar frå ein uerfaren ein. Den erfaren føraren har meir ro og hjelper hunden sin til å gå sporet i rett retning. Han/ho står ofte roleg i sporstarten og gir hunden line litt etter når dei kjenner at hunden tek opp sporet. Først når hunden går spor i rett retning begynnar dei å gå etter hunden på sporet.

Den uerfarne føraren begynnar ofte å gå etter hunden med ein gong etter sporstart og dei gir hunden mykje line. Resultatet er at det vert ein veldig uryddig start der hunden brukar mykje energi på å søke på kryss og tvers for å finne sporet og det blir ofte rykk i lina – noko som hunden kan oppleve som korrigerings og dei heile vert litt kaotisk.

Linebruk

Det er ikkje berre i sporstarten det er viktig å ha orden på lina. Går ein med slakk line er det lettare at hunden vasar lina rundt bein og mage og lettare å få rykk i lina. Strammar ein opp lina vil ein også lettare kjenne endringar i intensitet dersom hunden slær over på eit ferskspor. I regelverket står det at hunden skal førast i ei minst 5 meter lang line. Nokon førarar har ein tendens til å leggje seg for tett på hunden, kanskje berre 3 meter frå hunden, og der ligg dei uansett kva som skjer. Ei vanleg sporline som ein kjøper på butikken er som regel 15 meter lang. 15 meter kan vera vel langt å gå med på blodsporprøve, men sjølv om ein kortar lina ned til 10 meter så har desse førarane 7 meter line på slep som berre er til plunder og herk.... Bruk ei sporline som glir lett i terrenget. Spesielt viktig er dette dersom du har hund som er har eit aktivt tapsarbeid/ringing.

Selen må passe hunden! Me ser alt for mange som brukar alt for små og stramme selar. Tren også på å setje selen på. ... Det å setje på sele/line like før sporstart kan vera ein god rutine. Hugs aldri laus hund verken før sporstart eller etter at skanken er funnen!

Å ha ein hund som går sporet med slak line er FLOTT - men ikkje dersom hunden går mykje i sikk-sakk over sporet slik at den brukar opp mykje energi på dette og får liten framdrift i sporet. Då er det betre å bruke litt tid på å lære hunden korleis du vil at den skal gå. Kryss-søk i stor fart er ein medfødt arbeidsmåte for ein spaniel, men gjennom trening kan du lære hunden å gå midt i sporet med låg

nase. Dette er den mest effektive måten å gå ettersøk i line på. Det er lurt å bruke energien sin til å gå spor - ikkje til å jakte gjennom heile terrenget.

Tren på at du ikkje skal hindre hunden sitt arbeid når du går bak hunden. Dette betyr at det ikkje skal verte for mange rykk i lina. Det blir fort rykk dersom hunden går med slakk line og så plutselig kastar seg fram eller ved at lina henger seg opp i skogen. Hugs at hunden treng litt avstand mellom seg og deg som førar for å få tid til å få med seg vinklar før du kjem trampande etter. Du bør kunne sjå kva hunden driv på med. Eit blodspor skal vera mest mogleg lik eit reelt ettersøk og det er viktig å kunne komme i skotposisjon før hunden har skremt ut dyret frå ei sårlege. Difor går du tettare på hunden over bakketoppar og i tett skog og lenger bak i opnare terreng. Ved å bruke lina aktivt kan du også bevege deg stillare gjennom skogen då du kan la hunden gå gjennom krattet medan du går rundt – og det UTAN å sleppe taket i lina.

Tapsarbeid

Alle hundar får tap! Sjølv den erfarne sporhunden får tap, men den går ofte på ein måte som gjer at du knapt ser det. Ein meter ut av sporet og den korrigerer kursen. Den uerfarne hunden og hunden som går litt fort i sporet kjem kanskje 4-5-7 meter ut av sporet før den (og førar) oppdagar at hunden har tap. Så startar problema. Hunden har liten erfaring i tapsarbeid. Den kastar seg ofte fram og rundt omkring i eit aktivt søk for å finne sporet. Førar har ofte gått tett bak hunden og har også komme godt ut av sporet før hunden startar tapsarbeidet. Sporet er no BAK både hund og førar, men førar vert med hunden framover, skubbar formeleg hunden framover i terrenget ved å gå tett på den og dermed kjem begge lenger og lenger vekk frå blodsporet. Til slutt er dei så langt unna sporet at dei ikkje klarar å løyse problema.

Det å trene på tapsarbeid er LURT! Mange er så opptatt av at treningssporet skal vera vellukka for at dei skal føle at treninga var vellukka. Når hunden har begynt å fatte interesse for spor og begynner å gå slik du vil, så skal du gradvis legge på fleire og fleire utfordringar i sporet. Dersom du ofte går treningsspor som er vanskelegare enn prøvesporet, då vert prøvesporet lett. Når hunden har fått god motivasjon til å gå spor er det ved å få utfordringar og gjera feil at den lærer seg å bli betre og til å takle vanskar. Legg spisse vinklar, tilbakegangar, to gonger rundt ein stein og så ut, langs dyretråkk og så ut i spiss vinkel, over gjerder, over bekkar – bruk fantasien! Bruk ALDRE meir blod enn det du får på eit prøvespor. Ca. 2 dl. Blod på 600 m spor jevnt fordelt i sporet er passe pluss litt ekstra til sårleie og til å merka skanken på sporsluttan. Å bruke MYKJE blod i sporet og få vanskelege vinklar for å "hjelp" hunden til å lukkast kan samanliknast med å lærekøyre på ei flystripe og få oppkøyring til førarkortet på ein smal, svingete vestlandsveg. Det går ikkje bra!

Når hunden får sportap lærer den seg korleis den kan løyse problema og du som førar lærer deg å lese hunden og kan hjelpe hunden til å ringe ved behov. Det hjelper ikkje å ringe/gå 14 rundar rundt i det samme område. Utvid ringinga. Hjelp hunden til å ringe så stort som du vil og hugs at sporet er sjeldan framfor hunden når den markerer tap.

Det som sjeldan vert vellukka er å setje hunden på der du TRUR sporet går. Berre i sårleiet og nokre få andre stader der du ser synleg blod kan du vera sikker på at du veit kvar sporet er. Dersom du peiker i bakken og ber hunden søke der du TRUR blodsporet er, kan det hendar du peikar på eit ferskt haespor eller ein stand som er langt unna blodsporet.

Motivasjon til å gå spor

Har hunden den motivasjonen til å gå spor som den trenger for å løse oppgåva? Dersom den fort gir opp, har dårleg framdrift eller finn på andre ting, kan det hende at du har gått for fort fram. Oppgåva er rett og slett for vanskeleg i forhold til motivasjonen og evna til å gå spor. Det er aldri for seint å rykke litt tilbake og leggje nokre lettare/yngrer spor for å bygge opp motivasjon og sjølvtilitt. Det er også lurt å ha fleire belønningar undervegs i sporet når du trenar. Då får sporet høgare verdi og du unngår at hunden skundar seg og kanskje slurvar for å finne slutte. Er hunden glad i mat brukar du godbitboksar. ER dei glad i leiker legg du att leiker i sporet. Uansett kva du legg undervegs i sporet så må du ta deg tid til å la hunden få nyte belønninga si og hugs at kvart einaste start etter ei belønning er som ein ny sporstart. Bruk same rutinger!

Det er viktig å jobbe med motivasjonen dersom hunden er treg eller finn på andre ting enn å spore. Auk vanskelegheitsgraden gradvis. La hunden få sjølvtilitt. Nokon gonger er det rett og slett svært vanskeleg for hunden å gå spor. Det kan vera varmt, tørt, mykje vind, gamle spor, mykje aktivitet i terrenget, sporet ligg mykje i svart granskog, hogstflate, på kort gras, på stein, på veg osv. Og hugs også at også hundar kan ha ein dårleg dag.

Når det uventa skjer

Gi ikkje opp før du har prøvd å løse problemet. Det kan vera ein katt som kjem tuslande rett over sporet, bærplukkarar på tur eller beitande sauer. Tenk - kva ville du ha gjort dersom det var eit praktisk ettersøk? Gått heim og sagt at dette var for vanskeleg så me gav oss? Eller prøvd å hjelpe hunden til å finne ei løysing?

Sporlina har to endar...

Er hunden ein svært god og sikker sporhund så klarar den å gå spor frå A til Å utan å bry seg om at det går ein eller to framande personar bak førar. Dei færraste har ein slik hund og det er svært få unge hundar som er slik. Hugs også at hunden merkar di sinnstemning før start og undervegs i sporet. Den merkar om du tvilar sjølv om du ikkje held den att i lina. Den merkar kvar veg du ser. Den merkar om du blir skuffa og frustrert. Den merkar om du rosar den heilhjerta eller halvhjerta på sporslutten. Tren derfor på å vera ein støttespelar for hunden når den går spor. Det å trene saman med andre er undervurdert. Få med deg nokon som får fram stresset i deg til å gå bak. Få andre til å leggje treningsspor slik at du får øvd på å gå heilt umerka spor. Har denne personen også kunnskapar om spor og trening slik at han/ho kan gi deg tilbakemelding på ditt førararbeid, er dette gull verdt.

Gi aldri opp!

Men dersom du ikkje får framgang etter 4-5 treningsspor bør du endre litt på treninga. Er hunden ung kan det å vente litt og jobbe med anna søksutvikling vera bra. Har den svært lyst til å slå over på ferskspor, må blodsporet verta litt «enklare» og ikkje minst må belønningane i sporet og på sporslutten vera heitare og meir verdt. Legg treningsspor i område med mykje ferskspor, men i dei første spora vera nokså enkle. Har hunden liten lyst til å gå spor eller har liten framdrift, treng den større sjølvtilitt og meir motivasjon. Dette får du ikkje ved å pressa hunden gjennom mange treningsspor. La hunden få pause. Finn ut kva som motiverer hunden. La hunden bli skogsvant, lære seg å leita etter godbitboksar eller ballar i skogen og ha det gøy saman! Så skal du snart sjå at motivasjonen til spor også aukar.

Ikkje samanlikn deg med dei du trener saman med. Du og hunden din er unike! Du må legge treninga opp slik at den passar både deg og hunden. Ikkje prøv alle dei velmeinte råda du får. Tenk gjennom

om dette kan vera bra for DIN hund først. Ikkje heng deg opp i negative kommentarane du får. Gjennom rett trening kan både hund og førar utvikle seg og bli flinke. Me påstår at dei aller fleste spaniels kan bli gode sporhundar med rett trening! Men det er ikkje råd å trene ein løpsglad, jaktglad villstyring på same måte som ein hund som er treg og vanskelig å motivere. Mange har problem med å tilpasse seg den hunden dei har, spesielt dersom dei har hatt gode sporhundar før. Det er så fort at den sikre sporhunden også trengde mykje trening for å verte god. Ein gammal hund er som regel mykje meir fornuftig på sporet og det er så lett å gløyme kor vill og gal og ukonsentrert den same hunden var som ung.

Du som er fersk når det gjeld blodspor bør også tenke på at blodspor er den einaste hundesporten der alle hundane startar rett i den klassen som kan gi deg eit championat. I alle andre hundesportar er det fleire trinn på vegen opp mot klassen der resultat teljande til championat vert delt ut. Slik er det ikkje med blodspor. Som fersk kan det vera lurt å debutere på ein bevegeleg prøve. Ikkje fordi at spora her er lettare, for det er dei ikkje, men fordi at dommaren ofte har betre tid til å forklare deg litt etter at sporet er ferdig gått. Hugs også at det er INGEN skam å få 0 eller ein 3. premie på ein blodsporprøve. Mange gode hundar har vore innom dei premiegradene. Og ein 2. premie er faktisk krava som trengst på blodspor for å kunne verta godkjent ettersøkshund.

Ikkje døm hunden din sjølv

Ved sporslutt skal du ha fokus på å belønne hunden din. Ikkje tenk på dommaren og sporleggar/kjentmann før du er ferdig med ditt. Dei kan vente det minuttet dette tek. Ikkje døm hunden din sjølv ved å sei å *"Huff, det gjekk visst litt for fort..."* La dommaren gjere sin jobb. Dersom du vil spørje om gode råd så gjer du dette etter premieutdelinga. Gjekk det dårleg? Ikkje vis hunden din at du er skuffa. Hunden anar ikkje noko om kva premiegrad den har fått. Den har gjort sitt beste ut i frå den treninga du har gitt den. Tenk heller på kva du kan gjera for å få hunden til å gå betre. Og skriv gjerne treningsdagbok – det er lurt!

Skitt sporgåing!

Billedtekster

Spor 1

Slik ein ynskjer at hunden skal gå – konsentrert med god framdrift og låg nase.

Spor 2

Ofte får hunden sporet i nasa FØR du har komme til sporstart og før sele/line er på. La hunden få utnytte seg av den informasjonen den får men stå att og gi roleg ut line ved sporstart til du er sikker på at hunden har valgt rett spor.

Spor 3

Sporet skal alltid vera merka der blodet startar og i AK får du også merka sporretningen. Ikkje gjer deg avhengig av å merke heile treningssporet. Lær deg heller å lese hunden og ikkje minst til å stole på hunden. Er det spesielle problem de arbeider med eller trener på, kan du merke litt.

Spor 4

GPS er eit flott hjelpemiddel, men det er HUNDEN som skal vise deg kvar sporet går, ikkje gps-en.

Spor 5

At hunden løftar hovudet er ofte eit teikn på sportap. Ikkje gå vidare fram til hunden når den løftar hovudet og gjerne stoppar. La heller hunden få ein sjans til å finne att sporet.

Spor 6

Å legge treningsspor på hardt underlag er utfordrande. Det er også utfordrande å gå spor når bakken er kald, har lite vegetasjon og det ofte er terrengskifter som mellom myr og skog.

Spor 7 – fyllstoff

Ein sporhund som går med stor vilje og låg nase.

Spor 8

Ha orden på sporline og sele. Lær deg å leggja saman lina slik at den kan kastast ut før sporstart utan at den har knutar.

Spor 9

I enden av sporet skal det ligge ein vilt del, ofte ein klauv. Denne skal ligge på bakken i eit oppspark og skal merkast med sporblod. Den skal ikkje gravast ned eller hengast opp i eit tre. Hugs at etter at du har lagt ned sporsluttan så legg du framleis spor, så gå tilbake i god avstand til blodsporet.

Spor 10

Nokre gonger kan det virka som at sporleggar har letta... Eit tapsarbeid kan vera ei utfordring for førar dersom hunden ringar raskt og stort og det er mykje krattskog.

Spor 11 fyllstoff